# INNTAKSREGLEMENT VED JÆRTUN LUTHERSKE FRISKULE

**Vedtatt i skulestyret 07.05.2026**

**§** 1
Jærtun Lutherske Friskule står open for alle som fyller vilkåra for opptak i tilsvarande offentleg skule. Skulen har heile landet som inntaksområde. Ein søker på skulen sitt søknadsskjema.

§ 2
Rektor er ansvarleg for opptak. Dette skal skje i tråd med dette inntaksreglementet og reglane i Privatskulelova § 3-1.

§ 3
a) Ved førespurnad frå foreldre som ønsker å få barnet sitt inn som elev ved skulen, får foreldra tilbod om ein informasjonssamtale med rektor. Han skal då gjere greie for skulen sin eigenart og foreldra skal bli gjort kjende med føremålet og grunnlaget til skulen. Foreldra skal også få skulen sin generelle læreplan, skulen sitt reglement etc. Det er ei forventing i samband med å ha barna ved Jærtun Lutherske Friskule at foreldra aksepterer skulen sin ståstad og utviser rimeleg grad av lojalitet mot denne dersom dei ikkje sjølv står inne for han, slik at ikkje barna kjem i ei lojalitetsklemme mellom heim og skule.

b) Søknader til 1. klasse har søknadsfrist 1. mars året etter at barnet er født. Vedtak blir gjort kort tid etter søknadsfristen. Elles blir søknader behandla og elevar tatt opp etter som dei søker. Skulen har stengt for inntak av elevar for komande skuleår etter 1. juni kvart år, i alle klassetrinn. Dersom søkar midt i skuleåret flytter til Rogaland, kan eleven, dersom det er plass, likevel bli tatt opp etter 1. juni. Dersom søkarar som er tatt inn før 1. juni fell frå mellom 1. Juni og 1. Oktober kan elever som står på venteliste bli tatt inn i same trinn det fell ut elevar.

c) Dersom søknadene innan søknadsfristen er fleire enn ledige elevplassar, skal ein prioritere søknadene etter kriteria i pkt. d) i denne paragrafen, med eventuell loddtrekning i aktuell gruppe. Opptaket skal gjerast slik at det totale elevtalet skulen er godkjent for ikkje skal overskridast, også når ein tar omsyn til innvilga søknader av elevar som ennå ikkje har starta på skulen. Dessutan skal ein halde seg innanfor det maksimale elevtalet pr trinn/klasse (sjå §4). Styret kan i særlege tilfelle gjere vedtak om inntaksstopp for ein viss periode. Styret kan gjere vedtak om oppstartstidspunkt.

d) Ved eventuell prioritering skal dette skje i denne rekkefølgja: 1. Søsken av elevar som allereie er tatt opp ved skulen. 2. Barn av tilsette ved skulen. 3. Barn av medlemmer i skulen sine styre- og rådsorgan. 4. Søkarar som ønsker skulen ut frå kristendomsundervisninga som dåpsopplæring eller skulen sin kristne eigenart. Ein kan berre vise til slik prioritet når skriftleg søknad om elevopptak er sendt innan søknadsfristen.

e) Gjentatt søking. Grensa for gjentatt opptak ved Jærtun er sett til 2 gonger. Dersom ein elev har slutta 2 gonger og så blir søkt inn igjen, vil søknaden bli avslått.

f) Det er ikkje mogleg å halde av skuleplass ved Jærtun på eit høgare trinn enn 1. trinn. Søknader om inntak til høgare trinn enn 1. trinn blir behandla og tatt opp fortløpande for søknader mottatt etter 1. august året før søkt skulestart.

§ 4
Klassestørrelse for skuleåret 2026-2027

Jærtun fekk i desember 2025 grønt lys for å utvide frå 120 til 200 elevplassar. Dette vil ut frå fleire samansette omsyn skje gradvis. For skuleåret 2026-2027 har skulestyret vedtatt å opne for totalt 148 elevar fordelt på trinna etter følgande modell:

a) Klassane, C (5.-6. trinn), D (7.-8. trinn), E (9.-10. trinn) kan kvar ha maks 27 elevar. Elevane skal tas inn slik at det blir tatt inn totalt 14 elevar i det høgste klassetrinnet og 13 elevar i det lågaste klassetrinnet.

b) 2. og 3. trinn stengast for inntak og køyrast saman som ein delvis fådelt klasse gjennom dette skuleåret.

c) I 1. trinn og 4. trinn kan det takast inn maks 20 elevar i kvar klasse.

d) I alle komande kull kan det takast inn maks 20 elevar i kvar klasse.

e) Det blir i tillegg sett av 2 ekstra plassar i kvar eining (trinn 1 og 2 og klasse B, C, D og E) dersom det er plass innanfor godkjenningsgrunnlaget og dei fysiske krava som gjeld for romma. Desse plassane kan tildelast ut frå eit av dei underståande kriteria og er ikkje bundne av ordinære søknadsfristar:

1. Barn av tilsette

2. Barn av styremedlemmer

3. Tidlegare elever, eller søsken til tidlegare elevar som vender tilbake til skulen etter avslutta misjonsteneste som kravde flytting for familien.

f) Enkelttrinn frå nyfødde barn til barn i 2. trinn hausten 2026 skal som hovudregel vere 20 elevar. Dette talet kan ved lavt søketal i tilstøtande klassar overstigast med inntil 1 elev, slik at summen av kvart tilstøytande trinn og det trinnet som blir "overbooka" ikkje overstig 40 elevar.

§ 5
Undervisning i kristendomskunnskap er obligatorisk. Det er ikkje mogleg med fritak tilsvarande ordninga i den offentlege skulen. Skulen er oppretta på religiøst grunnlag, jfr. Privatskolelova § 2-1.

§ 6
Ved opptak skal søkar/foreldra betale eit administrasjonsgebyr på kr. 2400,-. Dette blir normalt ikkje betalte tilbake dersom søkar seinare trekker seg. Ved oppstart av skulegang trekkast beløpet frå elevpengane i løpet av første året ved skulen.

§ 7
Eventuell klage på elevopptaket går via skulen til Statsforvalteren i Rogaland. Den som har mottatt svar på søknad om inntak, kan klage på vedtaket etter forvaltningslova kap. VI om klage på enkeltvedtak. Klagen skal sendast til skulen.

§ 8
Inntaksreglementet er vedtatt av styret for Jærtun Lutherske Friskule som også kan vedta eventuelle endringar. Søknadsskjema blir utforma av rektor, som også til ei kvar tid avgjer kva for opplysningar skulen skal be om innanfor det regelverket som elles gjeld i slike saker.

**Jærtun Lutherske Friskule**
Kong Haakons veg 4, Postboks 61
4349 Bryne
Telefon: 51 77 68 80
Telefax: 51 77 68 81